

# PRESSEMELDING OM KORONASITUASJONEN

Volda kommune 02.04.20



Volda  
kommune

## PRESSEMELDING 02.04.20

Landet er no i ein fase der det er avgjerande viktig å unngå stigning i smittespreiinga. Volda kommune oppmodar derfor alle innbyggjarane om å ta situasjonen på alvor og halde fram med å følgje dei nasjonale tiltaka og råda.

**Smittestatus i Volda.** Volda kommune har ikkje fått fleire positive prøvesvar. Totalt er det testa 209 derav har 6 testa positivt på koronavirus. Smitta er i lokalmiljøet og det kan derfor vere fleire som er smitta enn det vi har statistikk på. Det er ein uoversiktleg situasjon på landsbasis da viruset er svært smittsamt, og at mange kan ha det utan å kjenne særlege symptom. Følg dei grunnleggjande råda for å unngå å verte smitta sjølv og unngå å smitte andre: unngå reising og hald deg mest mogleg i ro, hald fysisk avstand til andre og vask hendene ofte.

**Dei nasjonale tiltaka.** Regjeringa vil før påske gå ut med om dei nasjonale tiltaka skal forlengast utover 13. april. Inntil noko anna er bestemt frå regjeringa, så vil barnehagane og skulane vere stengde. Volda kommune vil gå ut med informasjon til foreldra og føresette dersom regjeringa vedtek lemping av stengingsvedtaket

**Påska.** Det er viktig å følgje dei nasjonale råda om avstand til andre både ute og inne. Dersom du skal ut på ski eller friluft, så start med utgangspunkt i bustaden for å unngå at det vert trengsel på parkeringsplassar knytt til utfartsområde. Skisentra vert også oppmoda om å tilretteleggje for god avstand mellom bilar på parkeringsplassen og å halde skiheisene stengde. For at vi skal ha kontroll på koronasituasjonen, så må det verte ei annleis påske for alle. Dette er ikkje tida for å samlast verken utandørs eller innandørs. Det er viktig at familiar står saman og ivaretek kvarandre gjennom kriseperioden. Vidare er det viktig at ein tenkjer på andre som kan ha behov for hjelp. Ta gjerne ein ekstra telefonsamtale til nokon som treng det.

**Om hytte- og fritidshusforbod.** Det freistar nok mange å reise på hytta slik situasjonen er no, og kanskje spesielt for å få eit avbrekk i kvardagen. Det skal du ikkje gjere. Årsaka til at vi har dette nasjonale forbodet er rett og slett fordi helsetenesta i alle hyttekommunar ikkje har kapasitet til å ta hand om hyttebebuarar i tillegg til egne innbyggjarar.

[Meir om forbodet kan du lese her.](#)

[Forskrift om karantene, isolasjon og forbod mot opphald på fritidseigedomar kan du lese her.](#)

**Campingsplassar og bubilparkering.** Campingplassar og stadar tilrettelagt for bubilparkering i Volda vert i samråd med eigarane stengd i perioden 01.04 – 13.04.20, med unntak for dei som treng overnatting i samband med naudsynt arbeid. Dette gjeld både for innbyggjarar i Volda og gjestar frå andre kommunar. Årsaka til dette er dei nasjonale retningslinjene. Av smittevernomsyn må alle halde seg mest mogleg heime. Dette er ikkje tida for fritidsreiser.

Ta omsyn til dette! Når dette er over kan du nytte hytte, fritidsbustad og bubil nett som du vil. Det gler vi oss alle til.

**Ved behov for betalingsutsetjing eller betalingsavtale** på kommunale krav, kan du ta kontakt med økonomiavdelinga Volda kommune på tlf 70 05 87 32 eller send e-post til [innfordring@volda.kommune.no](mailto:innfordring@volda.kommune.no). Når det gjeld utsetjing av statlege krav finn du informasjon her: <https://www.skatteetaten.no/tiltaks pakker/>

**Ikkje ver redd for å ta kontakt med lege for andre helseutfordringar.**

Legetenesta er organisert slik at det ikkje er fare for smitte mellom dei med luftvegsinfeksjon og dei med andre helseutfordringar. Det er viktig at innbyggjarane veit at dei kan vere trygge på at legetenesta har stort fokus på og gode tiltak for å gje trygge legetenester til dei som har andre helseutfordringar og treng legetilsyn.

Legekontoret er todelt der det er oppretta eige legekontor for pasientar med luftvegsjukdomar ved helsestasjonslokalet på Øyra skule. Volda og Ørsta sitt legevaktsamarbeid på kveld og helg er styrka, slik at det er to legar på vakt.

**Videokonsultasjon med lege.** Det er muleg å få legekonsultasjon gjennom video. Pasienten får då ei tekstmelding med ein link. Når ein trykker på denne linken må ein logge seg inn med «MinID». Ein kjem vidare til eit virtuelt venterom dersom legen ikkje er klar til å ta imot.

**Hjelp til å handle.** Dei som er sjuke, er i karantene eller er i risikograppa kan ta kontakt med frivilligsentralane som kan organisere hjelp å handle dersom de ikkje har andre som kan gjere dette for dykk – ta kontakt på telefonnummer 917 25 639 (Volda) og 415 12 813 (Hornindal). Hugs god handhygiene og fysisk avstand til kvarandre.

**Lokal informasjonstelefon.** Har du spørsmål om korona kan du ringje kommunen sin informasjonstelefon på nr **970 11 773** - Open 11.00-13.00 kvardagar – og betjent av helsepersonell. **Nasjonal informasjonstelefon** om koronaviruset: 815 55 015

**Hjelpetelefon for psykisk helse eller rus.** Har du tankar eller uro i forhold til di psykiske helse eller rus? Ring oss om du har behov for å prate! Rus og psykisk helseteneste, telefon: 91598370. Telefontid: kvardagar kl. 10.00–14.00.

Vi gjentek at auken i talet på smitta og sjuke i Noreg den komande tida vil vere avhengig av effekten av tiltaka som er iverksett, og om innbyggjarane etterlever råda som vert gitt. Det er viktig å tenkje på at krisesituasjonen er mellombels, og at vi skal attende til normal situasjon.